

## "Spaserstokken 2014/14648".

Søkjarkommune:	Austrheim kommune
Kommunennummer:	1264
Postadresse:	Sætremarka 2
Postnummer:	5943
Poststad:	
Evt. samarbeidande kommune(ar) med kommunenummer:	
Kontaktperson:	Kari Torkildsen Utkilen
Telefonnummer:	56162007 - mobilnr 95942213
E-post:	kari.utkilen@austrheim.kommune.no
Kontonummer for evt. utbetaling:	1594.11.80407
Målform:	nynorsk
	<input type="button" value="Send søknad"/>

Austrheim kommune søker om **kr 80.000** i tilskot frå Den kulturelle spaserstokken 2014.

Vi vil tilby kunst og kultur av god kvalitet på ulike arena til eldre i kommunen. Målet er kunst og kultur til alle! Pleie- og omsorgsavdelinga, Frivilligsentralen og Kulturavdelinga samarbeider om Den kulturelle Spaserstokken. Vi har samarbeid på tvers i organisasjonen og Kulturavdelinga har ansvar for økonomi og rapportar. Tilskot frå Den kulturelle spaserstokken vert ført i kommunen sitt økonomisystem under ansvar 255, teneste 2026 og er øyremerka kulturtilbod til eldre. Tilskotet går ikkje til administrasjon og utstyr.

### Tiltak 1: **Kultur i heimen**

Kunst- og kulturopplevingar til eldre på sjukeheimen. Beboare og pårørende får oppleve profesjonelle kunst- og kulturformidlingar som konsert, song/musikk, utstillingar og opplesing. Vi følgjer opp eldremeldinga til kommunen og tilbyr kulturtiltak på sjukeheimen.

**Søknadssum: kr 20.000**

### Tiltak 2: **Kultur og trivsel**

Vi vil tilby ulike kulturarrangement for heimebuande som er brukare av seniorsenteret. Frivillige og kommunen driv senteret. Arrangementa skal vere med på å fremje trivsel og betre helse. Frivilligsentralen i samarbeid med lag og org. vil stå for arrangementa på seniorsenteret. Den kulturelle spaserstokken er med på å gi seniorsenteret eit kulturelt innhald. Her møtast dei heimebuande og vi vil tilby kunst og kultur i tillegg til dei andre tilboda (trim, dataklubb, eldrekafe o.a) på Seniorsenteret.

**Søknadssum: kr 20.000**

### Tiltak 3: **Kultur for alle**

Opne arrangement der målgruppa er alle eldre i kommunen. På samfunnshuset, skulen, bedehuset, sanitetshuset, på torget og kaien. Eldredagen vert kvart år markert med middag og talar og Den kulturelle spaserstokken gjer det mogeleg med profesjonelle kulturinnslag.

Alle arrangement vert arrangert i samarbeid med lag og org. og vi legg vekt på at vi når mange. Frivillige lag søker om midlar frå tilskotet «Den kulturelle spaserstokken» til profesjonelle kultur innslag til ulike arrangement.

**Søknadssum: kr 40.000**

Med helsing

Kari Torkildsen Utkilen  
kulturleiar

Austrheim kommune